



HØYDALSMO I.L.



HØYDALSMO I.L.

## Langrennstafett i Høydalsmo

Sundag 15. mars 2015 kl. 12.00

Høydalsmo IL skipar til langrennstafett, siste rennet i Vest-Telemark-karusellen.

Frammøte er på skistadion ved Høydalsmo skule.

**Stilart:** Alle etapper er fristil.

**Distansar:** 1 km (6-9 år), 1,5 km (10 – 12 år) og 2 km for resten.

**Klasser:** 6 – 9 år (3x 1km), 10 – 12 år (3x1,5 km), 13 – 16 år (3x2 km), og 17 år ++ (3x2km).

I 17 år ++ klassa kan du og stille med 13 – 16 åringar.

Alle klassene er opne. Det vil seie at ein kan blande saman gutar og jenter. Dersom fleire lag i same klasse, prøv å lag dei mest mogleg jamne.

Dersom du ikkje har nok løparar i eigen klubb til å stille eit lag , ordnar arrangøren lag til deg likevel. Det vil bli mixlag med ein annan klubb. Alle skal få gå.

Vonar alle klubbane har høve til å stille minst eit lag i klassa 17 år ++. Det er fint for dei yngre å sjå at eldre og kan vera med. Dette blei ein stor suksess sist gong.

**Startkontigent pr lag:** kr 150,-. Rekning vert sendt klubben din i etterkant.

**Påmelding:** Lagvis frå klubben til: [ketilkv@online.no](mailto:ketilkv@online.no) 97141311

**Påmeldingsfrist:** Torsdag 27. mars kl 2400 (eller seinast ein time før start). Oppmodar flest mogleg å melde seg på innan torsdag sidan det blir mange med (mykje tasting).

**Premiering:** Enkel premiering til alle. Samanlagtpremiering for karusellen rett i etterkant.

Resultatlistar vert sendt ut på e - post i etterkant.

Enkelt matsal i klubbhuset.

Høydalsmo IL ynskjer alle velkomne til skirenn.



Høydalsmo servicesenter



Statkraft